

# KOMMUNAL PLANSTRATEGI



ULVIK HERAD 2023 – 2027

# Innhald

	Side
<u>Føremålet med kommunal planstrategi</u>	3
<u>Prosess og medverknad</u>	3
<u>Kommunens plansystem</u>	4
<u>Kunnskapsgrunnlag</u>	4
<u>Kommuneplan</u>	5
<u>Kommuneplanens samfunnsdel</u>	5
<u>Kommuneplanens arealdel</u>	5
<u>Reguleringsplanar</u>	6
<u>Revisjon av kommuneplan for Ulvik</u>	6
<u>Overordna føringar som har betydning for heradet sitt planbehov</u>	6
<u>FNs BÆREKRAFTSMÅL</u>	6
<u>Regionale føringar og planar</u>	7
<u>Interkommunalt plansamarbeid</u>	7
<u>Prosess og framdrift</u>	7
<u>Status og utvikling</u>	8
<u>Folketal og demografi</u>	8
<u>Barn og unge</u>	9
<u>Levekår og folkehelse</u>	10
<u>Næringsliv og sysselsetjing</u>	12
<u>Miljø og klima</u>	13
<u>Langsiktig arealbruk</u>	14
<u>Prioritering av overordna planarbeid i Ulvik herad 2023 – 2027</u>	15

## **Føremålet med kommunal planstrategi**

*-prioritering av heradet sitt planbehov i valperioden.*

Kommunal planstrategi er eit verktøy i plan- og bygningsloven. Føremålet er å klargjere kva for planoppgåver heradet bør starte opp eller vidareføre for å leggje til rette for den ønska utviklinga i heradet. Kommunal planstrategi (§ 10-1 i ny PBL av 1. juli 2010) erstatter det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i tidlegare plan- og bygningslov (PBL, 1985).

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan, og er ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar. I planstrategien skal ein drøfte utviklingstrekk i heradet som samfunn og organisasjon, som grunnlag for å vurdere planbehovet i heradsstyreperioden.

Den kommunale planstrategien er altså eit hjelpemiddel for det nye heradsstyret til å avklare kva for planoppgåver heradet skal prioritere i valperioden for å møte heradet sitt behov. Eit viktig siktemål er å styrkje den politiske styringa av kva for planoppgaver som skal prioriteres. Arbeidet med kommunal planstrategi vil gi ein betre og meir systematisk vurdering av heradet sitt planbehov slik at heradet betre kan møte dei aktuelle utfordringane. Forenkla kan ein kalle planstrategien for ein "plan for planleggjinga".

Gjennom vedtak av den kommunale planstrategien skal det nye heradsstyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal revideres. Planstrategien er også eit egna verkty for å vurdere heradet sitt plansystem, planressursar og samla planbehov i heradsstyreperioden knyttet til kommunedelplaner, tema- og sektor(fag)planer.


## **Prosess og medverknad**

Når heradet utarbeidar planstrategi, skal det innhentast synspunkt fra statlege og regionale mynde, samt nabokommunar. Framlegg til vedtak av planstrategien skal offentleggjerast minst 30 dagar i forkant av endeleg behandling i heradsstyret. Intensjonen er å skape samhandling mellom nasjonale forventingar til planleggjinga, kommande planoppgåver og allereie vedtatte planar, som gjerne kryssar kommune – og fylkesgrensar. Heradet bør leggje opp til brei medverknad og ålmenn debatt på lokalt nivå, men dette er ikkje et krav, jf. pbl § 10-1.

## Kommunens plansystem

### Planstrategi og det kommunale plansystemet

Kvart år skal det tas stilling til på kva måte planoppgåvene og prosjekta i planstrategien skal følgjast opp, prioriterast og setje av ressursar. Dette skjer gjennom kommuneplanens handlingsdel og økonomiplan, samt årsbudsjett. I overgangen til neste heradsstyreperiode vil heradet sin økonomi og ressursituasjon være ein viktig ramme for utarbeiding av ny planstrategi.



### Folkehelsearbeidet og kommunal planstrategi

Folkehelselova § 5 seier mellom anna at heradet skal ha en skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkinga, samt dei negative og positive faktorar som virkar inn. Vidare seier folkehelselova § 6 at denne oversikten skal inngå som eit grunnlag for arbeidet med planstrategi og at ein utgreiing av heradet sine folkehelseutfordringar bør inngå i sjølve strategidokumentet.

### Kunnskapsgrunnlag

Planstrategien byggjer på ein rekkje ulike kildar i form av kartleggjingar, utredingar, plandokument, statistikk og saksframlegg. Nokre viktige dokument i denne samanhengen er:

- Oversiktsdokument for folkehelse 2020-2023.
- Kommuneplanens samfunnsdel 2010-2024.
- Diverse plandokument som er utarbeidd i heradsstyreperioden 2019-2023.

- Diverse utredningar, saksframlegg og kunnskapsdokument.
- Statistisk sentralbyrå sin statistikkbank.

## **Kommuneplan**

Alle kommunar skal ha ein kommuneplan. Ein samla kommuneplan består både av ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ta føre seg kommunale, regionale og nasjonale mål, interessar og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i heradet. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og leggje retningsliner og pålegg fra statlege og regionale styresmakter til grunn.

### **Kommuneplanens samfunnsdel**

Kommuneplanens samfunnsdel skal omhandle langsiktige utfordringar, som t.d. miljømessige utfordringar, utfordringar knytt til universell utforming, oppvekst, helse og omsorg, mål og strategiar for heradet på sikt, og heradet som organisasjon. Den bør inneholde ein omtale og vurdering av alternative strategiar for samfunnsutvikling, sektorane sin verksemd og langsiktige arealbehov, og ta stilling til kva for strategi heradet vil leggje til grunn. Hensikten med dette er å ta føre seg sammenhengen mellom dei langsiktige måla og strategiane ein set opp i samfunnsdelen, og dei fysiske konsekvensane av desse målsetjingane.

Kommuneplanens samfunnsdel skal samordne dei ulike einingane sine planar. Den skal gi retningsliner for gjennomføring av mål og strategiar, både i den kommunale verksemda og ved medverknad fra andre offentlige organ, samt private.

Planens utgangspunkt er å fastsetje mål og veival som kan gi heradet ein positiv utvikling og innbyggjarane det best moglege tenestetilbodet framover. Strategidelen, som har eit langsiktig perspektiv på 10-12 år, skal omfatte alle einingar og angi retningsliner for einingane sin planlegging.

### **Kommuneplanens arealdel**

Heradet skal ha en arealplan for heile heradet - kommuneplanens arealdel - som ein del av kommuneplanen. Ein samla arealplan er nødvendig for å sikre ein planmessig og forsvarleg arealutnytting på land og i sjø, og for å beskytte areala mot uoverveide arealinngrep og lite føremålsteneleg byggje- og anleggsverksemd mv. Ein arealdel omfattar arealkart, føresegner og en planomtale med konsekvensutgreiing. I tillegg til å ha ein arealplan for heile heradet, kan heradet utarbeide kommunedelplanar for delområder. Slike delplanar kan og utarbeidast i form av reguleringsplanar (områderegulering).

Arealplanen skal angi hovudtrekka i korleis areala skal nyttas og eventuelt vernes, og kva for omsyn som må tas ved disponeringa av areala. Samstundes skal arealdelen være utforma i eit langsiktig perspektiv. Den må derfor være tilstrekkeleg fleksibel for å tilpasse nye behov og ønsker. Dette inneberar at kommuneplanens arealdel bør holdes på et relativt overordna nivå og ikke ta føre seg detaljar. Dette gjeld spesielt innanfor arealføremålet bebyggelse og anlegg.

Planen skal på denne måten angi kva for omsyn og forhold som legges til grunn for utforminga av planen, og som skal følgjast opp i vidare detaljplanlegging (reguleringsplanar), enkeltsakshandsaming etter planen og gjennom seinare bruk, skjøtsel og forvaltning av areala.

## Reguleringsplanar

Ein reguleringsplan er eit detaljert arealplankart med føresegner for bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Reguleringsplan skal vedtas av Heradsstyret, men kan utarbeides både av offentlege og private aktørar. Ny plan- og bygningslov forsterkar kravet til arealplan som grunnlag for utbygging. Det er vanskeleg å tillate større utbyggingar som ikkje er forankra i ein reguleringsplan. Aktuelle område det kan være behov for å utarbeide egne reguleringsplaner for, er for eksempel hytte-/bustadfelt, felles-/sentrumsområde, vatn- og avløp, havnetiltak mv.

## Revisjon av kommuneplan for Ulvik

Kommuneplanen kan entan reviderast delvis eller fullstendig. Delvis revisjon inneber at samfunnsdelen *eller* arealdelen reviderast. Fullstendig revisjon inneber ein revisjon av både samfunnsdelen og arealdelen.

## Overordna føringar som har betydning for heradet sitt planbehov


### NASJONALE FORVENTNINGER 2023-2027

Regjeringen legger kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ein bærekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal legges til grunn og være retningsgjevende for kommunestyrenes arbeid med regionale og kommunale planstrategiar og planar. Dei nasjonale forventningene (2023-2027) vektlegg følgjande fem områder:

- Samordning og samarbeid i planleggingen
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og bærekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnssikkerhet og beredskap

### Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027

Vedtatt ved kongelig resolusjon 20. juni 2023



### FNs BÆREKRAFTSMÅL

FNs bærekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Planen består av 17 mål og 169 delmål som gjeld for alle land i verden, og regjeringa vil utarbeide ein handlingsplan for måla.

Ulvik herad skal også arbeide etter de 17 bærekraftsmåla, og ved revisjon av overordnede styringsdokument skal det vises kva for bærekraftsmål som vert berørt gjennom dokumentets mål, strategiar og tiltak.



FNs 17 bærekraftsmål. Kilde: FN-sambandet (fn.no).

## Regionale føringar og planar

Vestland fylkeskommune definerer planstrategien sin som Utviklingsplan, og definerer fire breie satsingsområde for samfunnsutviklinga i perioden 2024–2028: **Velferd og verdiskaping, demografi og likeverd, klima og natur, og samarbeid**. Fylkeskommunen meiner at det er behov for meir kapasitet og kompetanse på samarbeid, og dette er del av utfordringsbiletet for Vestland. Samarbeid er meint som nøkkelen til å lukkast med å løyse utfordringar og sjå moglegheiter. Det er definert eit overordna mål for kvart satsingsområde. I tillegg er det formulert eit sett strategiar som skal syne korleis Vestland skal arbeide for å nå måla. Alle strategiar kan bidra til to eller fleire hovudmål.

### Interkommunalt plansamarbeid

Plan- og bygningslova opnar for at regionale planbehov og kan løysast gjennom interkommunalt plansamarbeid. Eventuelle behov for eit slikt interkommunalt plansamarbeid har vore gjenstand for drøfting undervegs i prosessen med utarbeidinga av denne kommunale planstrategien.

### Prosess og framdrift

- Heradet kunngjorde oppstart av arbeidet med ny planstrategi den 17.04.2024, med frist for å komme med innspel frå eksterne til 31.05.2024
- Kommunedirektøren sin leiargruppe saman med samfunn og plan hadde planstrategi som tema på møte den 29.04.2024
- Dei ulike kommunalsjefane har utarbeidd grunnlag for planprioriteringar for perioden.
- Kommunedirektøren sin leiargruppe saman med samfunn og plan hadde planstrategi som tema på møte den 02.09.2024

- Administrasjonen har systemisert arbeida gjennom sommaren, og framlegg til revidert planstrategi vert kunngjort i minst 30 dager før vedtak.


## Status og utvikling

### Folketal og demografi

I første kvartal i 2024 var folketalet i Ulvik 1094 innbyggare. Den tidlegare nedgangen og stagnasjonen i folketalet ser ut til å ha snudd til ein svak og jamn auke i folketalet dei seinare åra. Auken kan i ein viss grad forklaras med tilflytting frå utlandet og busetjing av flyktningar, men samstundes ser ein auke i unge, utflytta ulvikjer som vel å «komme heim» for å busetja seg i Ulvik etter endt utdanning, og ofte med ein liten familie. Dette er ein gledeleg utvikling som heradet må stø opp om i framtidig planlegging. Eit godt oppvekstmiljø for barn og unge, med ein trygg skulegang og eit variert fritidstilbod, krev ein overordna, tverrfagleg og langsiktig planlegging.

På ein annan side, er det i Ulvik som i landet ellers, ein befolkning som i aukande grad vert eldre. Ulvik herad har ein stor utfordring i å dimensjonere det framtidige tenestetilbodet til ein stadig eldre befolkning, samstundes som ein skal leggje til rette for ein god oppvekst for born og unge.

### Aldersfordeling for innbyggerne i kommunen



Kilde: Befolkning, Statistisk sentralbyrå

Det har ikkje vore nemneverdig auke i bustadbygginga i heradet dei senare åra, men det er gjort vedtak om nytt bustadfelt på Nedre Hjelmavoll, og bustader vert også ein del av den nye reguleringa på Brakanes, då på den gamle pallefabrikken vest for Tysso.



### Prioriterte tema dei neste åra:

Leggje til rette for å etablere tilstrekkelig antall og varierte bustader til innbyggere og tilflyttere i heile bygda.

Leggja til rette for at et aukande tal eldre skal kunne bo heime så lenge som mogleg, må tilgang på egne bustader sentralt i bygda, med gode digitale løysingar, ha eit fokus.

Leggje til rette for grendeutvikling i alle grendene i heradet, slik at ein legg til rette for funksjonelle grender med møteplassar og aktivitet for alle aldersgrupper.

Videreføre dialog med ulike private utbyggere med tanke på igangsettjing av allereie avsette områder, samt eventuelt nye områder for bustadbygging.

### Planbehov:

Ferdigstilling av reguleringsplanane for Brakanes, «Syselandet» og Holmen

#### **Barn og unge**

Å skape ein god ramme for oppvekst og utvikling for barn og unge er ein av de viktigaste oppgåvene heradet har. Det å fremja ein god oppvekst er ein oppgåve som fleire einingar har ansvar for og må samarbeide om. Ein god oppvekst kan beskrivast som ein kvardag prega av trygg og stabil tilknytning til omsorgspersonar, gode voksenmodellar og velfungerande barnehage, skule og nærmiljø. Barn brukar mykje tid i barnehagen og på skulen, noko som gjer desse til sentrale arenaer for barn og unges oppvekstmiljø. Barnehagen og skulen gir barn og unge kunnskap og ferdigheter de trenger til senere utdanning og deltakelse i samfunnslivet.

Dei fysiske omgjevnadene for barn og unge har eit konstant fokus, og det vert jamnleg føretatt oppgraderingar av både skule- og barnehagebygg. Det pågår eit kartleggingsarbeid med tanke på bygging av ny barnehage/rehabilitering av eksisterande, då både barnehagen og skulebygget ikke tilfredsstillar dagens krav, korkje for borna eller dei tilsette.

### Prioriterte tema dei neste åra:

Ferdigstilling av moglegheitstudie for framtidig barnehage.

Ferdigstilling av prosjekter på skulen

### Planbehov:

Revisjon av **Plan for å sikra eit trygt og godt skulemiljø** §12-4 (ny opplæringslov 01.08.2024)

Overordna **oppvekstplan** med underliggjande planar:

- Nærværplan
- Forebyggjande plan mot vald og overgrep i nære relasjonar
- Psykososialt barnehagemiljø i *Lov om barnehager* LOV-2005-06-17-64

## Levekår og folkehelse

Folkehelseundersøkinga 2021, den årlege folkehelseprofilen 2024, samt folkehelseoversikten «Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i Ulvik herad 2023 – 2027», gir statistikk og oversikt over heradet sin folkehelsestilstand, som omfattar alle virkeområder i heradet. Generelt visar desse at folkehelsen i Ulvik knytt til fysisk og psykisk helse, fysisk aktivitet og trygghet er god sett opp mot landsgjennomsnittet. Likevel vert landsgjennomsnittet vurdert på enkelte områder til å være for dårleg, så Ulvik herad må stadig ha fokus på å leggje til rette for ein positiv utvikling.

Det er i hovudsak lite sosiale forskjellar i Ulvik, men tala viser til dels store inntektsulikheter, og det som kan karakteriserast som lavinntektsusholdningar er ofte småbarnsfamiliar. Dette medfører et særleg ansvar for heradet med tanke på bustadmarknad, lågterskeltilbod på aktivitetar og ein inkluderande fritid.

Demensplan 2025 vart lansert av regjeringa i 2021 og legg føringar for tenester til personar med demens. Denne har av ulike orsaker, i liten grad blitt fulgt opp lokalt i Ulvik.

Opptrappingsplan for psykisk helse vart lansert i stortingsmelding i 2023. Også her er det fokus på folkehelse og førebygging. Det er i denne planen ei rekke føringar som bør inn i kommunal planlegging.

Nasjonal sykehusplan 2020-2023 la føringar for samhandling mellom kommune og helseforetak. Dette har ført til endring av samhandlingsstrukturen Ulvik Herad er ein del av. Ulvik herad er representert i fleire fora. Overordna strategi for helsefelleskapet skal vart handsama politisk i Ulvik Herad før sommaren 2024, og vil truleg påverke lokale prioriteringar.

Nasjonal helse og samhandlingsplan 2024-2027 vart lagt fram i år og set vidare retning for samhandlinga i helsefelleskapet, også med tanke på finansering av ulike tiltak. Det er viktig at organisasjonen Ulvik herad tar høgde for at ein er ein del av denne større strukturen.

### Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet (boligsosialloven)

#### § 5. Ansvar for organisering og planlegging

*Kommunen skal i sitt arbeid på det boligsosiale feltet sørge for samarbeid på tvers av sektorer og samordning av sine tjenester. For øvrig skal kommunen samarbeide med andre offentlige aktører som kan bidra til arbeidet for vanskeligstilte på boligmarkedet.*

*Kommunen skal ha en oversikt over behovet for både ordinære og tilpassede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi etter [plan- og bygningsloven § 10-1](#). En drøfting av kommunens boligsosiale arbeid bør inngå i strategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter [plan- og bygningsloven kapittel 11](#) fastsette overordnede mål og strategier for det boligsosiale arbeidet. Målene og strategiene skal være egnet til å møte de utfordringene kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten nevnt i første punktum.*

Prioriterte tema dei neste åra:

Oppdatering og rullering av ulike tema- og handlingsplanar innan helsesektoren.

Planbehov:

Revisjon av Bustadstrategisk plan.

Revisjon av Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv


Temaplanar for barn og unge, plan for helsemessig og sosial beredskap, og smittevernplan.

Handlingsplanar for personar med demens, habilitering og rehabilitering, rus og psykisk helse

## Næringsliv og sysselsetjing

Det er forholdsvis stor utpendling av Ulvik, sett opp mot folketal. I 2023 pendlet 215 personar ut av Ulvik, medan 72 personar pendlet inn til Ulvik. Arbeidsmarknaden i distriktet er i stor grad avhengig av denne inn- og utpendlinga, og med stadig betre kommunikasjonar og heimekontorløysingar, kan ein by i éin bygd, og jobba i ein annan. Hardangerrådet, som regionråd, fått utarbeidd ein rapport frå eit forskingsprosjekt om valfri arbeidsstad, som har fått tittelen; «Fjernarbeid som arbeidsform og nytt politikkområde: kunnskap og aktuelle tiltak for norske distriktkommunar». Dette forskingsprosjektet, eigd av Hardangerkommunane, som vil gje oss viktig kunnskap for å utvikla fjernarbeidsplassar, som kan ha stor betydning for lokalsamfunna våre.

Uavhengig av denne type moglegheitsstudier, må Ulvik herad fortsatt ha fokus på å leggja til rette for etablering av nye arbeidsplassar og styrka dei eksisterande.



Kilde: sysselsetting, registrerbaseret, Statistisk sentralbyrå

Innan landbruksnæringsna har det dei seinare åra vore ein gledeleg utvikling av ulike tilbod som trekker besøkande til gardane, entan i form av produserte varer eller opplevingar knytt til gard og naturbruk. På dette feltet har Ulvik i samarbeid med det organiserte reiselivet, eit særst godt utviklingspotensiale som har både ein nasjonal og internasjonal marknad.

Prioriterte tema dei neste åra:

Oppfølging av *Strategisk nærings- og utviklingsplan* og *Overordna strategiplan for reiselivet*

**Planbehov:**

Revisjon av Strategisk nærings- og utviklingsplan

**Miljø og klima**

Gjennom arbeidet med den kommande kommuneplanen har det vore fokus på å ivareta natur, miljø og landskap. Dette vil vidareføres i arbeidet med kommuneplanens arealdel, som blir ein oppfølging av vedtatt samfunnsdel.

*Kommunedelplan for naturmangfald* er under arbeid, og er meint å gje eit samla og lett tilgjengeleg oversyn over registrerte naturverdiar i kommunen, samt identifisere naturverdiar av stor lokal verdi, kunnskapshol/-behov og moglege trugsmål mot naturmangfaldet i Ulvik. Og det skal utarbeidast ein tiltaksplan med relevante og prioriterte tiltak for vern av naturverdiane i Ulvik og/eller betring av naturtilstanden. Planarbeidet har fått støtte frå Miljødirektoratet og bør ferdigstillast innan utgangen av 2024.

Ulvik sine naturgjevne omgjevnader forpliktar ein god forvalting, og delar av planverket som styrar dette er under utarbeiding eller revisjon. Det bør i arbeidet med den nye arealplanen vurderes om Ulvik herad, som én av 102 kommunar med nasjonalparkareal, skal søke status som nasjonalparkkommune. Nasjonalparkkommunane er saman med nasjonalparkene, besøkssentra og nasjonalparklandsbyene aktørar under merkevaren «Norges nasjonalparker».

Prioriterte tema dei neste åra:

Deltaking i Felles forvaltingsplan for Hardangerfjorden

Deltaking i Regional plan for Hardangervidda

Deltaking i regional plan for Nordfjella og Raudafjell villreinområde

Deltaking i regional plan for Vestland vassregion

**Planbehov:**

Ferdigstilling av Kommunedelplan for naturmangfald

Revisjon av reguleringsplan Finse - Lågheller

Bør rulleres:

**Plan/retningslinjer for motorferdsel i utmark** i henhold til reglene i Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag, samt Miljøverndepartementets rundskriv T-1/96. (jf. Handlingsprogrammet til regional plan for Nordfjella pkt. 3.1 og Retningslinjer til Regional plan for Hardangervidda 2019–2035 § 2.5.2).

Målsetjingar for hjorteviltforvaltninga i Ulvik (vedtak VIL-002/17)

### **Langsiktig arealbruk**

Som ein oppfølging av den nye samfunnsdelen, bør heradet i førebuinga til ny arealdel vurdere å utarbeide ein langsiktig arealstrategi for heile heradet. Ein arealstrategi bygger på FNs bærekraftsmål samt satsningsområder og mål i kommuneplanens samfunnsdel. Arealstrategien binder kommuneplanens samfunnsdel og arealdel saman, og gir hovudprinsipp for heradet sin langsiktige arealbruk. Arealstrategien gir føringar for kommuneplanens arealdel, og inneberer verdival og avveining av motstridande omsyn.

## Prioritering av overordna planarbeid i Ulvik herad 2023 - 2027

### Planstrategi 2023-2027

Eining	Plan	Revisjon/Ny	År
<b>Oppvekst</b>	Plan for å sikra eit trygt og godt skulemiljø	Revisjon	2024
	Overordna oppvekstplan	Ny	2025
<b>Helse og omsorg</b>	Temaplan for barn og unge	Ny	2025
	Plan for helsemessig og sosial beredskap	Revisjon	2025
	Smittevernplan	Revisjon	2026
	Handlingsplan for personar med demens	Ny	2025
	Handlingsplan for habilitering og rehabilitering	Revisjon	2025
	Handlingsplan for rus og psykisk helse	Ny	2025
<b>Samfunn og plan</b>	Reguleringsplan for Holmen	Ny	2024
	Reguleringsplan for Syslandet	Ny	2025
	Reguleringsplan for Brakanes	Revisjon m/utviding	2024
	Felles forvaltingsplan for Hardangerfjorden	Ny	-
	Kommuneplanens samfunnsdel KPS	Ny	2025
	Kommuneplanens Arealdel KPA	Ny/revisjon	2026
	Bustadstrategisk plan	Revisjon	2025
<b>Stab</b>	Strategisk nærings- og utviklingsplan	Revisjon	2025
	Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	Revisjon	2025
	Overordna ROS-analyse	Revisjon	2025